



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr 201303951	Dok.nr 3
21 OKT 2013	
Arkivnr. 810	arkivh.
Ekspl.	
U.off.	

Behandlende eining: Sakshandsamar/innvalsnr: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Erling Hodneland - 55516355 2010/058830-046

Bømlopakken - spørsmål om bygging av gang- og sykkelveg langs fv. 542 Stokkabekken - Siggjarvåg - vedtak

Utbygging av vegprosjekt i Bømlo kommune med bompengar – Bømlopakken – vart godkjent i St.prp nr 78 (2008-2009), Innst.S.nr 343 (2008-2009). I pakken inngår ei rekke prosjekt, jfr Regional Transportplan – Handlingsprogrammet 2013-2017 (F.tingvedtak 74/12). Nokre av tiltaka i Bømlopakken er gjennomført, nokre tiltak er under bygging og nokre tiltak er under planlegging.

Omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma til pakken. Blir den økonomiske ramma større enn føresett, kan det gjennomførast fleire tiltak og vise versa. Dersom kostnadene for eit eller fleire prosjekt blir dyrare enn føresett, kan det innebere at andre prosjekt ikkje vert gjennomført.

Reguleringsplanen for Stokkabekken – Siggjarvåg er lagt ut til offentleg ettersyn. I reguleringsplanen er det utarbeidd forslag med og utan gang- og sykkelveg langs den nye traseen. Gang- og sykkelvegen er ikkje med som ein del av tiltaka som er godkjent i St.prp. Det var lagt opp til at ein kunne nytte gamlevegen til gang og sykkelveg.

Statens vegvesen har gjort ein kostnadsvurdering av dette prosjektet etter Anslags-metoden som Statens vegvesen nyttar. Kostnadsoverslaget utan gang- og sykkelveg er på 245 mill.kr ekskl. kryss på Stokkabekken men inkl. ny mva. Med gang- og sykkelvegen er kostnadane ca. 40 mill.kr høgare.

I st.prp. er kostnadane med dette prosjektet rekna til 211,3 mill.2009-kr. Når ein justerer dette kostnadstalet med SSB sin prisindeks fram til 2013-kr får vi 232 mill.kr. pluss ny mva med ca 36,9 mill.kr, vert kostnaden 268,9 mill.kr.

Då forslag til tiltak i Bømlo-pakken vart utarbeidd hadde ein ikkje så sterkt fokus på gang- og sykkelveger som no. No er det vanleg at det vert bygd gs-vegar parallelt med den nye vegen. I tillegg er det frå sentralt politisk hald lagt opp til større andel skal nytte sykkel som transportmiddel.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen vil for sin del rå til at vi bygger den nye vegen Stokkabekken – Siggjarvåg med g-s-veg. Kostnadane vert høgare enn det som opphavleg var tenkt, men samstundes får vi ei meir framtidsretta løysing. Men då tek ein inn i prosjektet ei løysing som ligg utanfor det som er skissert i St.prp-en. Dette betyr og at dei samla kostnadane med Bømlopakken kan overskride den økonomiske ramma som er til disposisjon. Det betyr og at nokon av prosjekta då må gå ut eller finansierast på annan måte.

Tiltaka som er gjennomført så lagt er i hovudsak i samsvar med dei økonomiske rammene som ligg til grunn i Bømlopakken. For dei komande prosjekta er det ikkje noko spesielt som tydar på at vi skal få nokon vesentlege kostnadsprekker. Men dette veit vi først når reguleringsplanane er ferdig og tiltaka er lyst ut på anbod.

Spørsmålet om bygging av gang- og sykkelveg langs fv 542 Stokkabekken – Siggjarvåg har vore drøfta i Kontaktutvalet for Bømlopakken og dei stiller seg positiv til dette.

Statens vegvesen har også lagt fram spørsmålet om bygging av den nye vegen Stokkabekken – Siggjarvåg med eller utan gangveg til uttale frå Bømlo kommune, jfr vedlagte brev frå Statens vegvesen til Bømlo kommune av 1.juli 2013.

Bømlo kommunestyre handsama saka i møte den 23. september 2013, sak 59/13, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

«Bømlo kommune rår til at fv 542 Stokkabekken – Siggjarvåg skal byggjast med gang og sykkelveg.»

Kopi av saksføreleget til Bømlo kommunestyre følgjer vedlagt.

Sidan alle tiltaka i Bømlopakken no etter Forvaltningsreforma er på fylkesvegane, er det Hordaland fylkeskommune som vegeigar som må ta endeleg stode til om gang og sykkelvegen skal gjennomførast som ein del av Bømlopakken eller ei. Vi ber om ei tilbakemelding på om vi skal gjennomføre bygginga av Stokkabekken – Siggjarvåg med eller utan gang og sykkelveg.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
Avdelingsdirektør


Erling Hodneland

Vedlegg: Brev til Bømlo kommune, dagsett 1. juli 2013
 Kopi av saksføreleget til Bømlo kommunestyre, sak 59/13



Dato: 02.08.2013
Arkivref: 2004/722-
17602/2013 / 560

Saksbehandlar: Sverre Olav Svarstad
53 42 30 52
sverre-olav.svarstad@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Formannskapet	03.09.2013
	Kommunestyret	23.09.2013

GANG OG SYKKELVEG LANGS FV 542 STOKKABEKKEN - SIGGJARVÅG**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bømlo kommune rår til at fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg skal byggjast med gang og sykkelveg.

Dokument i saka:

Innst.S.nr.343(2008 – 2009) Innstilling til Stortinget frå transport og kommunikasjonskomiteen St.prp.nr 78(2008 – 2009) om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland.

Brev frå Statens Vegvesen, datert 01.07.13. Bømlopakken – Spørsmål om bygging av gang og sykkelveg langs fv 542 Stokkabekken – Siggjarvåg.

Bakgrunn for saka:

Utbrygging av vegprosjekt i Bømlo kommune med bompengar – Bømlopakken – vart godkjent i St.prp.nr 78(2008 – 2009), Innst.S.nr.343(2008-2009). I pakken inngår ei rekke prosjekt, jamfør Regional Transportplan – Handlingsprogrammet 2013-2017. Nokre av tiltaka i Bømlopakken er gjennomført, nokre tiltak er under realisering og nokre tiltak er under planlegging. Omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma til pakken. Vert den økonomiske ramma større enn føresett, kan det gjennomførast fleire tiltak og vert den økonomiske ramma mindre i forhold til planlagde prosjekt, må ein redusere utbyggingsprogramma.

Reguleringsplanen for Stokkabekken – Siggjarvåg er lagt ut til offentleg ettersyn. I reguleringsplanen er det utarbeidd framlegg med og utan gang og sykkelveg langs den nye traseen. Gang og sykkelveg er ikkje med som ein del av pakken som er godkjent i St.prp. Det er lagt opp til at ein skal nytte gamlevegen gjennom Foldrøy, til gang og sykkelveg.

I samsvar med St.prp nr 78(2008-2009) er det etablert eit kontaktutval mellom Bømlo kommune, Hordland Fylkeskommune og Statens Vegvesen. Alle investeringsprosjekt vert drøfta her og kostnader og finansiering vert vurdert i høve til opphavelig opplegg. Spørsmålet om gang og sykkelveg langs den nye fv 542 Stokkabekken – Siggjarvåg har vore drøfta i kontaktutvalet. Kontaktutvalet har vedteke ein prosedyre for endring av innhaldet i Bømlopakken.(sjå vedlegg). Ved vesentlege endringar av skal det leggjast fram ei sak til politisk handsaming i Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune.

Med bakgrunn i denne prosedyren, vert saka om gang og sykkelveg langs fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg, lagt fram for kommunestyret i Bømlo kommune.

Vurderingar:

Etter rådmannen si vurdering, er det å ikkje byggje gang og sykkelveg langs nye vegtrasear lite framtidssretta. Spørsmålet om gang og sykkelveg langs ny trase for fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg er likevel ikkje opplagt. Det med bakgrunn i at noverande trase langs Mækjbakken, Foldrøydalen og gjennom Foldrøy, framleis skal vera ein trafikkert veg, og kan nyttast som gang og sykkelveg. Den vegen vil verta som i dag, dvs utan eigen gang og sykkelveg. Men det vil verta mindre trafikk på vegen, og vil vera ein tryggare gang og sykkelveg enn i dag.

Den nye traseen for fv 542 opnar eit heilt nytt terreng, og vil ha ein traseprofil som gjer at ein kjem raskare fram også ved bruk av sykkel, og ein opnar for nye turtrasear for gåande. Sett i eit folkehelseperspektiv vil det å ikkje byggje gang og sykkelveg langs den nye fylkesvegtraseen vera negativt. Lov om folkehelse pålegg kommunane å legge til rette for auka aktivitet blant innbyggjarane. All erfaring syner at der det vert bygt nye vegar med gang og sykkelveg, aukar bruken av vegen også for gåande og syklande.(og dei som vel å jogge/ springe) Bømlo har eit aktivt sykkelmiljø, og det vil vera negativt for ei positiv utvikling for sykkelmiljøet å ikkje byggje gang og sykkelveg langs denne traseen.

Økonomiske konsekvensar:

I St.prp.nr 78 er denne traseen kostnadsrekna til 211.3 million kroner. Når ein justerer denne kostnaden etter Statistisk Sentralbyrå sin prisindeks fram til 2013 kroner, vil kostnaden vera 232 million kroner eksklusiv meirverdiavgift og 268.9 million kroner inklusive meirverdiavgift. Det er utan gang og sykkelveg.

Statens Vegvesen(SVV) har gjort ny kostnadsvurdering basert på den metoden dei nyttar, og med bakgrunn i utarbeidd reguleringsplan og kome fram til ein kostnad på 245 million kroner utan gang og sykkelveg og ein kostnad på ca 40 million kroner for gang og sykkelveg. Ein samla kostnad på 285 million kroner inklusiv meirverdiavgift. Det vil sei ein meirkostnad på knappe 20 million kroner med gang og sykkelveg i forhold til oppdatert kostnad basert på tall i St.prp.nr. 78 utan gang og sykkelveg.

Proposisjonen syner ei finansiering av Bømlopakken på 149 million kroner relatert til kompensasjonsmidlar. Kompensasjonsmidlane for 2013 er ikkje fordele endå, men det er god grunn til å tru at når fordelinga av desse er gjort, har Bømlo kommune fått meir kompensasjonsmidlar enn det som ligg til grunn i proposisjonen. Ordninga med kompensasjonsmidlar er til og med 2013, men det kan vera ting som tyder på at denne ordninga vil halda fram vidare. Det veit me ikkje endå. Vert ordninga lenga, må Bømlo kommune drøfte med dei verksemndene i Bømlo kommune som er relatert til denne ordninga, om kompensasjonsmidlar framleis skal styrast mot samferdsle eller andre viktige område som kompensasjonsmidlar eventuelt kan nyttast til.

Med bakgrunn i SVV sin informasjon til kommunestyret den 17.06.13 om status for Bømlopakken, er Bømlopakken stort sett i rute i forhold til både framdrift og kostnader. Det er for kort tid med bompengar til å kunne sei noko om faktisk trafikk gjennom bomstasjonen relatert til prognosane. I St.prp.nr. 78 ligg det til grunn ein trafikkvekst gjennom bomstasjonen på knappe 2 %. Erfaringane frå trekantsambandet syner ein faktisk auke langt over denne prognosene. Det er for tidleg å legge til grunn ein faktisk auke i bompengar som følgje av auka trafikk, men den prognosene for trafikkauke som SVV faktisk legg til grunn, er konservativ.

Kostnadselementa på dei strekningar som framleis ligg på planleggingsstadiet veit me ikkje meir om enn det som ligg i proposisjonen. Men erfaringar med det som er gjort, tilseier ikkje dei store avvika i forhold til dei kostnadsvurderingane som er kjente dersom me ser dette i ein samanheng.

Rådmannen kan derfor ikkje heilt sjå den store risikoen for Bømlopakken dersom me vel å gå inn for gang og sykkelveg langs fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg.

Miljømessige konsekvensar:

Ingen negative miljøkonsekvensar knytt til gang – og sykkelveg.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Eit stort pluss for trafikktryggleiken dersom gang og sykkelveg vert realisert.

Folkehelse:

Eit stort pluss for folkehelsa dersom gang og sykkelveg vert realisert.

Oppsummering og konklusjon:

Å ikkje byggje gang og sykkelveg langs fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg vil vera negativt med omsyn til samfunnsnytten. Tenkjer då både på folkehelse og trafikktryggleik. Økonomisk kan det vera knytt ei viss uvisse i forhold til økonomien i Bømlopakken, sjølv om det er lite som tilseier det basert på den viten me har i dag.



Statens vegvesen

Bømlo kommunne
Leirdalen 1
5430 BREMNES

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/innvalsnr: Erling Hodneland - 55516355	Vår referanse: 2010/058830-044	Dykkar referanse:	Vår dato: 01.07.2013
------------------------------------	---	-----------------------------------	-------------------	-------------------------

Bømlopakken - Spørsmål om bygging av gang- og sykkelveg langs fv 542 Stokkabekken - Siggjarvåg.

Utbygging av vegprosjekt i Bømlo kommune med bompengar – Bømlopakken – vart godkjent i St.prp nr 78 (2008-2009), Innst.S.nr 343 (2008-2009). I pakken inngår ei rekke prosjekt, jfr Regional Transportplan – Handlingsprogrammet 2013-2017 (F.tingvedtak 74/12). Nokre av tiltaka i Bømlopakken er gjennomført, nokre tiltak er under bygging og nokre tiltak er under planlegging.

Omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma til pakken. Blir den økonomiske ramma større enn føresett, kan det gjennomførast fleire tiltak og vise versa. Dersom kostnadene for eit eller fleire prosjekt blir dyrare enn føresett, kan det innebere at andre prosjekt ikkje vert gjennomført.

Tiltaka som er med i Bømlopakken vart planlagt/skissert for mange år sidan og gjennomføringa skal skje over ei lengre tidperiode. Det må forventast at det i løpet av denne perioden kan oppstå behov for justeringar/endringar av tiltaka i pakken.

I samsvar med St.prp nr 78 (2008-2009) er det etablert eit Kontaktutval mellom Bømlo kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Alle investeringsprosjekt vert drøfta her og kostnader og finansiering vert vurdert i høve til opphavleg opplegg.

Reguleringsplanen for Stokkabekken – Siggjarvåg er lagt ut til offentleg ettersyn. I reguleringsplanen er det utarbeidd forslag med og utan gang- og sykkelveg langs den nye traseen. Gang- og sykkelvegen er ikkje med som ein del av tiltaka som er godkjent i St.prp. Det var lagt opp til at ein kunne nytte gamlevegen til gang og sykkelveg.

Statens vegvesen har gjort ein kostnadsvurdering av dette prosjektet etter Anslags-metoden som Statens vegvesen nyttar. Kostnadsoverslaget utan gang- og sykkelveg er på 245 mill.kr ekskl. kryss på Stokkabekken men inkl. ny mva. Med gang- og sykkelvegen er kostnadane ca. 40 mill.kr høgare.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

I st.prp. er kostnadane med dette prosjektet rekna til 211,3 mill.2009-kr. Når ein justerer dette kostnadstalet med SSB sin prisindeks fram til 2013-kr får vi 232 mill.kr. pluss ny mva med ca 36,9 mill.kr, vert kostnaden 268,9 mill.kr.

Då forslag til tiltak i Bømlo-pakken vart utarbeidd hadde ein ikkje så sterk fokus på gang- og sykkelveger som no. No er det vanleg at det vert bygd gs-vegar parallelt med den nye vegen. I tillegg er det frå sentralt politisk hald lagt opp til større andel skal nytte sykkel som transportmiddel.

Statens vegvesen vil for sin del rå til at vi bygger den nye vegen Stokkabekken – Siggjarvåg med gs-veg. Kostnadane vert høgare enn det som opphavleg var tenkt, men samstundes får vi ei meir framtidssetta løysing. Men då tek ein inn i prosjektet ei løysing som ligg utanfor det som er skissert i St.prp-en. Dette betyr og at dei samla kostnadane med Bømlopakken kan overskride den økonomiske ramma som er til disposisjon. Det betyr og at nokon av prosjekta då må gå ut eller finansierast på annan måte.

Tiltaka som er gjennomført så lagt er i hovudsak i samsvar med dei økonomiske rammene som ligg til grunn i Bømlopakken. For dei komande prosjekta er det ikkje noko spesielt som tydar på at vi skal få nokon vesentlege kostnadsprekker. Men dette veit vi først med sikkerheit når reguleringsplanane er ferdig og tiltaka er lyst ut på anbod.

Ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift har vore gjeldande frå 2004 til og med 2013. Midlane skal nyttast til ulike næringsretta tiltak som samferdsel, digital infrastruktur, Fou mv. Det er mogeleg at denne ordninga vil halde fram. Spørsmålet vert om vilkåra som har vore gjeldane med at midlane skal gå til vegføremål og vil halde fram.

I Bømlopakken har kompensasjonsmidlane vore ein del av finansieringa av pakken. Så langt har den årlege summen vore høgare enn det som er budsjettert kvart år.

I økonomiplanen til Hordaland fylkeskommune er det ikkje sett av kompensasjonsmidlar etter 2013 til Bømlopakken. Ein kan evt dekke meirkostnadane med gang og sykkelvegen ved at auka kompensasjonsmidlar går til dette føremålet.

Frå 2. mai 2013 starta innkrevjinga av bompengar til prosjekta i Bømlopakken. I St.prp var det lagt til grunn ein trafikkprognose gjennom bomstasjonen på 2700 køyretøy (ÅDT) i 2014. Førebelse tall tyder på at trafikken ligg høgare enn dette, men korleis utvikliga vert vidare framover veit vi først når innkrevjinga har halde på over fleire månader.

Sidan alle tiltaka i Bømlopakken no er fylkesvegar, er det Hordaland fylkeskommune som vegeigar som må ta stode til om gang- og sykkelvegen skal gjennomførast som ein del av Bømlopakken eller ei.

Før spørsmålet om å bygge den nye vegen Stokkabekken – Siggjarvåg med gang- og sykkelveg vert lagt fram for Hordaland fylkeskommune, ber vi om ein uttale frå Bømlo kommune.

Vegavd Hordaland
Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Erling Hodneland

Kopi: Hordaland fylkeskommune,
Postboks 7900, 5020 Bergen